



Prisvinnar Ronny Brede Aase får nynorskprisen for journalistar for 2009 av juryleiar Gry Molvær.

Nynorskprisen for journalistar

Årsrapport 2009

Nynorsken må vere til stades i popkulturen.

- Eg skal halde fram med å vere ein stolt nynorsk- og dialektbrukar i NRK P3, sa Ronny Brede Aase, då han fekk Kulturdepartementet sin nynorskprisen for journalistar under Dei Nynorske festspela i Ørsta.



- Kritiske røyster vil kanskje meine at plateprating og blogging er lettbeint journalistikk, men juryen har i år lagt vekt på at prisvinnaren når ungdom i ein alder då dei språklege haldningane vert forma og vala tekne. Hans naturlege og trygge bruk av nynorsk/dialekt kan vere eit føredøme, og auke toleranse og forståing. I tillegg brukar han god og stødig nynorsk når han skriv for P3 på nett og i bloggen sin, sa juryleiar Gry Molvær då ho overrekte prisen.

I takketalen streka den 22 år gamle prisvinnaren under at nynorsken må vere til stades i popkulturen, der ungdommen er. - Språket mitt er sjølv sagt ein del av den eg er når eg er på lufta, sa prisvinnaren. Han rosa leiinga i P3 for å stimulere både han og dei andre unge i redaksjonen til å bruke dialektane sine på lufta. Det er viktig å vere seg sjølv, sa Ronny Brede Aase.

I tillegg til pengegåva frå Kulturdepartementet, fekk prisvinnaren eit diplom og kunstverket "Posttjuven" av Oddvar Torsheim, eit motiv frå Førde, heimbyen til prisvinnaren..

Viktig å overraske

Det kom inn 40 framlegg på 30 namn til fristen 1. mai. Det er det meste nokon gong og lista inneheldt mange gode namn. Juryen var samla til møte i Førde 15. mai, og medlemmane var samde om at det bør vere stor breidde i kven som får prisen.

Juryen ynskjer ikkje at det skal vere føreseieleg kven som får prisen. Det er viktig å overraske med uventa namn frå felt der nynorsk ikkje er vanleg og såleis

medverke til at nynorsken slær rot på nye arenaer. Viktig at både unge talent og mangeårige berarar av nynorsk i media får prisen.

Juryen gjekk gjennom alle dei 30 namna og vinnar vart platepratar/reporter **Ronny Brede Aase**, i NRK P3.

Vedtaket:

Ronny Brede Aase får prisen for bruk av nynorsk på eit utradisjonelt område. Som nynorskbrukande platepratar i P3 når han ungdom i ein alder då dei språklege haldningane vert forma og vala tekne. Hans naturlege og trygge bruk av nynorsk/dialekt på lufta kan vere eit føredøme for andre dialekt og nynorskbrukarar, og auke toleransen og forståinga for nynorsk hjå dei som har det som sidemål.

Ronny Brede Aase tykkjest å vere ein stolt nynorskbrukar som gjerne brukar særtrekka i språket sitt, og omset til nynorsk på direkten når han får inn sms'ar og anna på bokmål.

I NRK P3 er Ronny Brede Aase fyrst og fremst programleiar/platepratar/ blogggar. Men han byrja si journalistiske karriere som sommarvikar i NRK Sogn og Fjordane som 19-åring. Der var han frå fyrst av hyra for å vere nettjournalist og reporter, men synte eit multitalent som gjorde at han fiksa alt frå teknikk til programleing, og vart snart brukt i heile programproduksjonen.

Han stortrivst på lufta og gleda hans ved det smittar over på dei som lyttar. Ronny Brede Aase er eit sjeldan fenomen i norsk kringkasting, både som journalist og nynorskbrukar.

Debatten som ikkje kom

Dette var den mest utradisjonelle og uventa prisvinnaren juryen har peika ut i prisen si fireårige historie. Difor rekna dei med at det kunne bli debatt om at ein "platepratar i P3" får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar. Men den debatten kom ikkje. Tvert om var det mange lovord å få for at ein dyktig ungdom fekk prisen.

"Posttjuven" av Oddvar Torsheim

Statuttane for nynorskprisen seier at det skal fylgje eit norsk kunstverk med dei 50.000 kronene til prisvinnaren. I år vart det "Posttjuven" av Oddvar Torsheim, med Førde – heimbyen til Ronny Brede Aase i bakgrunnen.



– Det er skapt ein myte om at Kjell Opseth er modell for ”Posttjuven”. Men sanninga er at bilete vart laga lenge før han, som samferdsleminister, moderniserte Posten, seier Oddvar Torsheim.

Berre bokmål for borna ?

I debatten etter prisutdelinga tok i år utgangspunkt i ein kronikk omsetjar/ skribent Liv Hatle hadde i Bergens Tidende 26. april 2009, med tittelen ”Kvar vart det av mangfaldet ?” Om manglande språkleg og kulturelt mangfald i barnebøker.

Hatle innleidde til debatt og i panelet sat den nye leiaren i Noregs Mållag, Håvard B. **Øvregård**, forfattaren Hans **Sande** og informasjonssjef Bjarne **Buset** i Gyldendal. Kari **Sørbo** var ordstyrar.

Hans Sande omset barnebøker for Sandvik forlag, somt står bak GO’BOKEN, som særleg vender seg til småbarn. Forlaget krev at han omset til bokmål, men leiinga i forlaget ynskte ikkje vere med i denne debatten.



Forfattar Hans Sande, til venstre, og leiar i Noregs mållag, Håvard B. Øvregård, i debatt under festspela i Ørsta. (Foto: Geirmund Henjum, Nynorsk mediesenter)

Liv Hatle og Hans Sande trekte fram fleire døme på det dei meiner er diskriminering av nynorsk litteratur for born. Begge hadde fleire, negative røynsler med ein forlagsbransje som tykkjest å frykte dårleg sal av nynorsk litteratur, ikkje minst når dei har prøvd seg på å få omsett framandspråklege barnebøker til nynorsk.

- Då eg på ein fest i Gyldendal bladde i katalogen deira og oppdaga at berre ei av 173 bøker for born og ungdom var på nynorsk, kjende eg meg som ein avvikar, sa Hans Sande, som har gjeve ut ei rekkje barnebøker.

Informasjonssjef Bjarne Buset i Gyldendal Norsk forlag vedgjekk at bransjen har ei utfordring med nynorsken, og at dei har eit samfunnsansvar. Han avviste likevel at det finst ei generell, negativ haldning til nynorsk i bransjen.

– Vi leitar først og fremst etter god litteratur, nynorsk eller ikkje. Sjå berre på suksessen til festspeldiktar Tove Bakke med Anna Gavalda-bøkene, sa Buset.

Leiaren i Noregs mållag, Håvard B.Øvregård utfordra Gyldendal-sjefen til eit snarleg møte. Mållaget vil hjelpe Gyldendal på vegen mot meir nynorsk barnelitteratur. - Vi tek gjerne eit møte med dykk, sa informasjonssjefen i Gyldendal Norsk forlag.



Juryen fotografert under møte i Førde 15. mai 2009: Frå venstre: Gry Molvær, leiar, Magni Øvrebotten, sekretær, Tom Hetland og Olaug Nilssen. Foto: Geirmund Henjum/NRK.

Juryen held fram til 2013

Heile juryen sa ja til ein ny fireårsperiode som jury for Kultur- og kyrkjedepartementet sin nynorskpris for journalistar.

Med verknad frå 1. juli 2009 vart dei oppnemnde på nytt av departementet: Gry Molvær, Olaug Nilssen og Tom Hetland. NRK Nynorsk mediesenter v/Magni Øvrebotten er sekretariat for juryen og nynorskprisen for journalistar.

Førde 09.09.09.
Magni Øvrebotten